

**Fra:** Kari Skibenes  
**Sendt:** 02.11.2016 12:47:16  
**Til:** Bjørnar Withbro  
**Kopi:** Ruth Ørnholt

**Emne:** Svar til Folkebibliotekstatistikk for 2015 - rangeringstabell

**Vedlegg:** image001.png

Med bakgrunn i di oppmoding har fylkesbiblioteket har hatt ein prinsipiell diskusjon av saka.

Rangeringstabellar er ein del av vårt arbeid med statistikken, som vi vil fortsetje med. Med bakgrunn i statistikken la vi i år fram ei politisk sak om status og utfordringar i folkebiblioteka i Hordaland for Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Utvalet skjerpa vårt forslag til vedtak og vedtok at saka skulle sendast i brev til alle kommunane. Vedtaket lyder:

Utval for kultur, idrett og regional utvikling registrerer at Hordaland ligg lågare enn landsgjennomsnittet når det gjeld stillingsressursar og mediekjøp i folkebiblioteka. Kommunane i Hordaland vert oppfordra til å sjå heile bredda i folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag, både kunnskap, kultur, demokrati og lokal møteplass, når dei løyver ressursar til bibliotektenesta. Utvalet vil peike på at mange kommunar har arbeidd godt for å skaffe prosjektmidlar av ulik art, og gjennom dette generert aktivitet og utvikling. Men det er likevel ikkje ein bærekraftig arbeidsmåte. Kommunane vert difor oppmoda om å prioritere auke i grunnfinansieringa. Fylkesrådmannen blir beden om å formidle denne oppfordringa i brev til kommunane

Vi kjem til å leggje fram ei slik sak for politikarane våre kvart år framover.

Statistikk er eit viktig styringsverktøy for biblioteksjefane, både for å styre eiga verksemd og for å argumentere for auka ressursar. Ei av fylkesbiblioteket sine oppgåver er å støtte biblioteksjefane i dette arbeidet. Vi finn det hensiktsmessig at denne jobben vert gjort ein gong her hjå oss, framfor at kvar biblioteksjef skal måtte bruke tid på å gjere han.

Dei tilsette på Stord folkebibliotek gjer ein strålende innsats for bibliotekbrukarane på Stord innanfor dei rammene de har. Statistikk kan mellom anna vere med på å synleggjere at rammevilkåra er ulike, og så er det opp til politikarane i kommunen om dei er viljuge til å betre rammevilkåra. Gjer dei ikkje det, kan dei heller ikkje få eit bibliotektilbod som hevdar seg betre i samanlikning med andre bibliotek i fylket – på desse parametrane.

Isolert sett viser 2015-tala ei positive utvikling for Stord, samanlikna med 2014: utlån per innbyggjar har auka og besøk per innbyggjar har auka. Det er ei lita, men positiv utvikling i mediekjøp per innbyggjar, mens til dømes Askøy og Fjell, som ligg høgare på tabellen, har hatt ei negativ utvikling. Stord folkebibliotek ligg oftast blant dei 3-4 biblioteka som har høgast e-bokutlån kvar månad. På dette området er rammevilkåra likare enn på andre område i og med at vi har ei felles samling. De har også mange arrangement, noko som tydeleg viser at det blir jobba godt på Stord. Desse positive resultatane frå statistikken, bør snarare verke motiverande enn demotiverande.

Venleg helsing

**Kari Skibenes**  
Spesialrådgjevar  
Kultur- og idrettsavdelinga | fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 74

[www.hordaland.no/fylkesbiblioteket](http://www.hordaland.no/fylkesbiblioteket)

**Fra:** Bjørnar Withbro (Bjornar.Withbro@stord.kommune.no)  
**Sendt:** 28.10.2016 14:25:49

**Til:** Kari Skibenes **Kopi:** Ruth Ørnholt

**Emne:** SV: Folkebibliotekstatistikk for 2015 - rangeringstabell

**Vedlegg:** image001.png

Hei

Eg skil meg kanskje ut av di eg har liten sans for at fylkesbiblioteket lagar slike «rankingslister». Ein mogleg grunn er sjølvstapt at Stord mange år har havna langt nede i ulike rankingar. Dette gjeld også i år kor eg og personalet har stått på som berre det for å drive bibliotek med dei ressursane vi *har*, når det gjelder personale, økonomi m.v. Arbeidsmotivasjon er viktig i tider med vanskeleg økonomi, og slike rankinglister bidreg ikkje til det, korkje for meg som biblioteksjef eller bibliotekpersonalet. Negative presseoppslag virker på same måte.

Profesjonelle biblioteksjefar skjønner godt samanhengen mellom statistikk og ressurrammer. Profesjonelle biblioteksjefar veit godt å nytte eigen statistikk i argumentasjon i eige politisk miljø. Eg reknar meg som ein slik biblioteksjef.

Føresetnadene er ulike rundt om i kommunane for bibliotekdrift, og samanlikning vert derfor urettvis. Det kan elles vere innslag av kreativ statistikkføring rundt om som bidreg til at statistikken vert ulik.

**Eg vil sterkt oppmode fylkesbiblioteket om ikkje på lage slike rankingar.  
Dere bør gjere ei prinsipiell vurdering av saka, etter mi mening.**

Med helsing Bjørnar Withbro, Stord

---

**Fra:** Kari Skibenes [mailto:Kari.Skibenes@hfk.no]

**Sendt:** 28. oktober 2016 10:26

**Til:** Askøy Folkebibliotek; Austevoll folkebibliotek; Bergen Off. bibliotek; Bjørnar Withbro; Bømlo folkebibliotek; David Alberto Lunde Sanchez; Eidfjord folkeboksamling; Etne bibliotek; Fedje Folkebibliotek; Fitjar folkebibliotek; Fjell folkeboksamling; Fusa folkebibliotek; Jondal bibliotek; Kinsarvik bibliotek; Kvam folkeboksamling; Kvinnherad bibliotek; Lindås folkeboksamling; Masfjorden folkebibliotek; Meland bibliotek; Modalen folkebibliotek; Odda bibliotek; Os folkebibliotek; Osterøy bibliotek; Radøy folkeboksamling; Ruth Ørnholt; Samnanger folkebibliotek; Sigrid Furnes; Folkebibliotek; Sund folkebibliotek; Sveio folkebibliotek; Terje Haugsgjerd; Tysnes folkebibliotek; Vaksdal folkebibliotek; Voss bibliotek; Øygarden Bibliotek

**Kopi:** Marit Rønnevik

**Emne:** Folkebibliotekstatistikk for 2015 - rangeringstabell

Hei.

Det er fleire bibliotek som har etterlyst ein slik rangeringstabell som Ágúst brukte å sette opp på grunnlag av folkebibliotekstatistikken. Difor har eg laga ein no.

Eg skjønner at dette er noko fleire ynskjer, så eg skal vere litt raskare med å sette opp dette for 2016-statistikken. Om det er andre forhold de vil skal vere med i seinare tabellar, er det berre å sende meg ei melding.

Venleg helsing

**Kari Skibenes**

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | fylkesbiblioteket

hfklogo-epost3

Tlf: 55 23 93 74

[www.hordaland.no/fylkesbiblioteket](http://www.hordaland.no/fylkesbiblioteket)